



Sysken: William Wolle og Laila Wolle kjenner seg heime i Fiskåbygd, og er stolte av røtene sine.

over 20 gongar. Dei har sjølv funne seg godt til rette her. Bror til Mimmi, Kåre Tørlen, flytta heim til familiegarden då han pensjonerte seg som yrkesoffiser i Forsvaret. Han har alle desse åra vore vertskap for den amerikanske familien med sterke band til Fiskåbygd.

– Kåre er grunnsteinen i familien. Hadde det ikkje vore for han og garden, hadde vi truleg ikkje hatt dei nære banda til Fiskåbygd. Det hadde også blitt færre besøk opp gjennom oppveksten. Kåre er ein fantastisk kar som har alt vi treng når vi er her. Han held også store delar av bygda med fisk, sidan han er ein aktiv hobbyfiskar. Heile syskenflokken til mor har vore glade i å reise, og bur spreidd over heile Norge. Difor er det så bra at Kåre har drive livet vidare her i Fiskåbygd. Det er vi svært takksame for, seier William.

– Det einaste vi ikkje har lært godt nok frå mor er det norske språket. Eg skjønar ein del, men dialekten kan vere vanskeleg å forstå. Det som er så bra med alle syskena til mor, er at dei snakkar så godt engelsk, sjølv om dei har budd i Norge heile sitt liv. Difor går det fint å kommunisere når vi er i Norge. I tillegg har vi fått god kontakt med naboane kring garden på Fiskåbygd. Kvar sommar når vi er her brukar vi å reise opp på hytta ved

Stølsvatnet. Vi har fått med oss mange gode barndomsminner derifrå, fortel Laila.

– Sjølv om mor har budd i mange land og i ulike kulturar, har ho alltid hatt ein fot i Fiskåbygd. Uansett om ho representerte USA i Midtausten som ambassadørfrue, var ho likevel heilt klar på at ho var frå Fiskåbygd. Heime for mor var Fiskåbygd, og no er ho komen heim for godt, seier William.

Sjuk i 25 år

I ein alder av 49 år vart Mimmi Eldrid Tørlen Wolle ramma av Parkinsons sjukdom. Den kroniske sjukdommen gjorde Mimmi dårlegare gjennom åra. Ho vart stivare i kroppen og trengde etter kvart hjelp for å greie kvar dagen. I dei siste åra greidde ho ikkje lenger å gå, og måtte sitje i rullestol. Den siste tida vart også hjerna angripen, og det var tøft for borna å sjå mor si bli svakare og svakare.

– I USA er det ikkje staten som stiller opp om nokon vert sjuke. Vi må sjølve ta oss av stellet av dei sjuke. Difor tilsette vi nokre pleiarar for å stelle mor når vi var på arbeid. Dei to siste gongene mor og vi var i Norge måtte vi ha med pleiarane på turen, og likte seg så godt i Norge. I USA har dei blitt som ein del av familien, og familien i Norge, kallar dei berre for familien sin i Nor-

ge. Dei hadde eit sterkt ynskje om å følgje mor til den siste kvilestaden, og no er dei i Norge for andre gong. Sidan dei er frå Vietnam og Kina, og ikkje greier å sitje i ro, har det blitt mykje asiatisk mat med onkel Kåre denne gongen, seier William og ler.

– Det har vore krevjande, men som William sa i tala si tidlegare, skulle vi ynskje at vi berre fekk vaske fjeset hennar, gje ho mat og trille mor på tur berre ein gong til, seier Laila.

Det vert stilt rundt bordet. Ein lang og spesiell dag er byrja å gå mot slutten. William og Laila er tydeleg prega av dagen, men dei fortel vidare om ei mor dei er tydeleg stolte av.

Mor var eit energisk menneske. Overalt kor ho var i verda brydde ho seg om menneska. I Oman starta ho ei foreining for vanskelegstilte kvinner. Då vi flytta skreiv den lokale arabiske pressa at det var eit stort tap at «The Lady who cared» ikkje lenger skulle bu i landet. Då mor vart sjuk vart ho etter kvart veldig svak, og det vart 25 år med sjukdom og smerter. Det var tøft å sjå mor lide som ho gjorde. Vi bestemte difor at i staden for blo-

mar, ynskde vi ei gåve til Michael J. Fox sitt fond for forskning på Parkinsons sjukdom. Noko som vi ikkje snakka med mor om var donasjon til forskning. Laila og eg bestemte oss likevel for at hjerna til mor skulle stillast til disposisjon til forskning på Parkinsons sjukdom. Eg trur mor ville vore glad for at vi gjorde dette. Kan-

skje kan det hjelpe nokon i ein liknande situasjon seinare, fortel Bil Wolle.

Sterke røter

Under heile samtala strålar Laila og William Wolle ut ei stoltheit av røtene til Fiskåbygd. Dei gjev eit klårt uttrykk av å kjenne både den norske historia, lokalhistoria og slekthistoria frå staden mor deira no ligg gravlagd.

– Mor lærte oss å vere stolte av røtene våre. Ho tok oss med her om lag annakvart år. Om mor var amerikansk statsborgar hadde ho ein fot godt festa her i Fiskåbygd. Eg kjenner litt det same for meg. Eg er amerikansk statsborgar, men kjenner meg som halvt norsk. Det vil eg gjere endå, sjølv om mor no er død, seier William.

Heile samtala har til no gått føre seg på engelsk, men brått

I USA er det ikkje staten som stiller opp om nokon vert sjuke.

William Wolle

”

snur Laila Wolle om til norsk. Eller rettare sagt, amerikansk-norsk.

– Eg forstår ein god del norsk, men det er vanskeleg å prate. Men eg får prøve litt. Eg har av bestemora mi, Clara, fått sydd ein sunnmørsbunad. Så eg er ein ekte sunnmøring, seier Laila, nesten på rette sunnmørsdialekten.

– No er mor komen heim. Eg kjenner meg så knytt til staden at eg også har sett meg ut ein gravstad ved sidan av mor. Dette var heime for mor, og det er heime for oss to som er att, avsluttar William.

**MARKISER
PERSIENNER**

**Vedlikeholdsfrie
VINDUSSPROSSER**

med
**30 års
garanti**

Ring Bjørn
952 56 348

RING GRATIS
800 80 488

Fasade
PRODUKTER

